

RELV101 Kva er religionsvitskap

Emnerapport, vårsemesteret 2019

Praktisk gjennomføring

Undervisinga bestod av ein innføringsførelesing (saman med RELV105) og 12 førelesingar og i tillegg obligatoriske seminar kvar veke med studentane inndelt i fire seminargrupper. Fil. dr Hans Geir Aasmundsen var seminarleiar, prof. Ingvild Gilhus hadde innføringsforelesinga og prof. Håkan Rydving dei andre forelesingane.

Karakterfordeling

I 2017 var det 65, i 2018 var det 92 og i år 91 studentar som tok eksamen i RELV101. Liksom i fjar fekk også i år alle godkjent resultat. Fordelinga av karakterar blei 16 A, 32 B, 37 C, 5 D og 1 E, eit veldig godt resultat. Etter sensuren får alle studentar individuelle kommentarar til tekstene sine og motivering av karakteren gjennom grunngjevingsfunksjonen i Inspera.

Kommentar til studentevaluering

Ved den siste førelesinga svarte dei 49 nærverande studentane på ei evaluering. Her er nokre døme på resultata:

37 av studentane som tok del i evalueringa meinte at kurset var interessant eller mykje interessant, 46 at vanskegrada var grei. 29 var nøgde eller mykje nøgde med gruppeundervisinga, 47 var nøgde eller mykje nøgde med utbytet av forelesingane. 35 svarte at det er bra at gruppeundervisinga er obligatorisk og 48 at det er bra med obligatorisk innlevering av ei øvingsoppgåve. Dei gav ros og ris åt dei einskilde kursbøkene og den informasjonen vil bli brukt neste år. Om studentane sjølve hadde fått velje eksamsform hadde 31 valt ein sju dagars heimeeksamen (som i vår).

Studentane sine kommentarar til kurset var i hovudsak positive. Dei kritiske kommentarane gjelde framom alt (presis som i 2017 og 2018) den obligatoriske munnlege presentasjonen. Nokre av studentane kom med gode framlegg om korleis kurset kan bli betre. Dei blir viktige å ta omsyn til i planeringa innfor våren 2020. Av dei 49 som deltok i evalueringa skreiv 25 at dei planerer å fortsette å studere religionsvitskap og 9 at dei kanskje gjer det.

Studieinformasjon og dokumentasjon

Informasjon om kurset har vore tilgjengeleg på Mitt UiB og blei gjeve ved studieorienteringa i religionsvitskap for studentar på 100-nivå. Meir spesifikk studieinformasjon fekk studentane i byrjinga av den første førelesinga og kontinuerleg under kurset. Ved kursevalueringa svarte alle som deltok at dei fått «tilstrekkeleg informasjon om studieplan, pensum, undervising, eksamen, osb.»

Tilgang til relevant litteratur

Litteraturen fanst tilgjengeleg i bokhandel og på universitetsbibliotek i byrjinga av semesteret.

Faglærers vurdering av rammevilkåra

Alt fungerte godt.

Lokalar og undervisningsutstyr

Førelesingslokalen (aud. A i Sydneshaugen skule) er mykje formålstenleg.

Internasjonalisering

Litteraturen er i hovudsak på engelsk og tematikken global. Religionsvitenskap omfattar alle tider og rom. Internasjonalisering er derfor ein viktig del av identiteten til faget. Det gjeld naturlegvis introduksjonskurset RELV101 òg.

Samla vurdering til faglærar, inkl. forslag til forbetringstiltak

I hovudsak fungerte kurset godt, men gruppeundervisninga må endrast til neste år etter gode framlegg frå studentar i evalueringa. Dessutan blei eit par av dei engelskspråklege bøkene oppfatta som altfor vanskelege for 100-nivå av nokre av studentane. Det er to av fleire døme på kommentarar eg vil ta omsyn til når eg planerer kurset for 2020.

Bergen, den 28. juni 2019,

Håkan Rydving
(emneansvarleg)